



Sjøfartsdirektoratet

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kjell Kvingedal, 5557 2312

Høyring - forslag til innretning av nullutslepp i verdsarvfjordane frå 2026

Vi viser til brev av 3. juli 2023 med saksvedlegg som gjeld prosess og framlegg til praktisk gjennomføring av kravet om nullutslepp i verdsarvfjordane frå 1. januar 2026.

Statsforvaltaren i Vestland meiner forslaget gjev eit godt oversyn over korleis nullutsleppvedtaket vil verte iverksett. Dette gjeld:

- Eit generelt krav om bruk av best tilgjengeleg nullutsleppsteknologi i passasjerbåtar, ferjer og liknande som trafikkerer verdsarvfjordane (jf. § 12b første ledd).
- Innføring av ei overgangsordning for cruiseskip over bruttotonnasje 10 000 tonn som inneber bruk av biogass som energikjelde ved segling i verdsarvfjordane. (jf. § 12 b fjerde ledd).

Statsforvaltaren støttar framlegget til endra regelverket slik det ligg føre, men vil peike på at framlegget er utfordrande ikkje minst for det lokale næringslivet og turismen, og dermed for mange arbeidsplassar i lokalsamfunna i Aurland og i Geiranger.

Teknologiutvikling og tilgjengeleg infrastruktur på land er viktig for å kome i mål med nullutslepp i verdsarvfjordane, og det er viktig at innføringa:

- Plasserer hovudansvaret for omstillinga og tilpassing hjå reiarlaga.
- Opnar for av bruk relevante energikjelder som er tilgjengeleg frå fleire etablerte produsentar.
- Tek omsyn til at Nærøyfjordområdet og Geirangerfjordområdet er ulike og har ulik tilgang på landbasert infrastruktur.

Vi vil presisere at endeleg regelverk må vere fleksibelt slik at det kan tilpassast framtidige endringar og teknologiutvikling, og at det må kome overgangsordningar som kompenserer for utfordingane i næringslivet lokalt.

Det bør etablerast eit fireårig omstillingsprogram fram til 2030 for lokalsamfunna i verdsarvfjordane som kan motverke tap for næringslivet si verdiskaping og sysselsetting som fylgje av krava.



Programmet må ha særleg fokus på å utvikling av kompetanse og støtte til naudsynt infrastruktur og omstillingsevne lokalt.

Det vil og vere behov for etablering av eit nasjonalt finansiert overvakingsprogram med for å følgje utviklinga, med særleg fokus på å samle kunnskap om effektane av innføringa av nullutslepp i verdsarvfjordane. Dette er naudsynt for å overvake konsekvensar og om naudsynt kunne justere kursern undervegs, også for innføring av utsleppsfree skipsfart langs resten av kysten i Norge.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Klima- og miljødepartementet
Miljødirektoratet

Postboks 8013 Dep
Postboks 5672 Torgarden

0030 OSLO
7485 TRONDHEIM